

# Norsk Grotteblad nr 21, Desember 1991

## Redaksjonell ytring

Redaksjonell ytring

Dette nummeret. . . .

Fekk sin ide rett før jul ~88 - ja, tida går.....

Ting tek tid, men resultatet har du framfor deg.

Ei herleg (?) blanding av stoff med ei herleg (!) blanding av språk og målføre. Dette fargerike fellesskapet avspeglar redaksjonen og bidragsytarane. Artiklane er trykte stort sett i den form det kom og me vonar lesarane har interesse og språkøyra for det som følgjer.

Ein tjekkisk rapport fann me grunn til å omsetja, for oss som ikkje er stø på det målføre.

Det vert sagt at om språket og veret har alle ei meinung. Er det slik også med . . . . .GROTTETURISME....???

Ulike former for turistgrotter/grotteturisme har vakse fram... På meir sørlege breddegrader kan ein i grotter oppleva symfonikonsertar, bryllup m.m. Hjå oss har me fare noko stillare i dørane - enno. Berre Torghatten og Grønligrotta er landskjent. Men sommaren -88 kunne ein oppleve guida sportsgrotting i Sætergrotta i Rana. Og andre stader følgjer etter - Grane, Beiarn.

På svensk side, i Björkliden midt mellom Kiruna og Narvik, har ein i fleire år hatt omvisningsturar i grotter med gode resultat.

I eit anna område i Sverige har dei på bestemte tider og for små grupper opna ei elles avstengd grotte, Korallgrotta. Åtte guidar har gått kurs og skal nytte turane i grotta til å få inn grotteetikk hjå dei besøkande.

Stikkord er kontroll over ferdelsen.

Auka satsing på turisme her til lands har fått fram ordet "opplevingsferie" ~ ein aktiv måte å feriera på. Turistsjefar, næringskonsulentar og reiselivsdirektørar vil lansera grotter i aust og vest - for unge (og gamle) sporty turistar.

Her ligg det ei utfordring til lesarar av dette bladet.

Skal pådrivarane i kommunane få bestemme utviklinga? Korleis skal me sjølve aktivt medvirke til at gotteturisme får ei framtid som ikkje er negativ for dei mange sårbare grottene me har?

Kanskje det er nokon som vågar å ta initiativet til eit seminar e.l. vedrørande turistgrotting, for på den måten få til noko som vil vera til det gode både for vern av grotter og stimulering av opplevingsferie.